

Ramsarkonvensjonen

Ramsarkonvensjonen, også kalla våtmarkskonvensjonen, er ein global avtale som kom i stand i byen Ramsar i Iran 2. februar 1971. Noreg var i 1974 eit av dei første landa som skreiv under våtmarkskonvensjonen.

Ramsarkonvensjonen er den einaste globale miljø-konvensjonen som berre omhandlar ein særskilt type økosystem. Konvensjonen sitt mål er å bidra til bevaring og berekraftig bruk av våtmarker gjennom lokale, nasjonale og globale tiltak og internasjonalt samarbeid, og slik bidra til berekraftig utvikling i heile verda.



Mellandsvågen

Foto: Miljøvernaveilinga

Ramsar-område

Konvensjonen nyttar ein brei definisjon av type våtmarker som kjem inn under konvensjonen si målsetting. Her i landet er Ramsar-områda mellom anna grunne sjøområde ned til seks meters djup, strandsoner, fuglefjell, ulike typar ferskvatn og elver. Andre stader i verda er andre typar våtmarker vanlegare, til dømes sumpområde, oasar, mangroveskogar og korallrev. Også nokre menneskeskapte våtmarker er med på lista, mellom anna kunstige fiskedammar og rismarker.



Runde våtmarkssystem kom med på lista i 2013. Foto: Miljøvernaveilinga

Alle land som har skrive under Ramsar-konvensjonen skal føre opp minst eitt område på lista over internasjonalt viktige våtmarker. Dei enkelte landa er forplikta til å ta vare på dei økologiske funksjonane i områda gjennom å forvalte områda i tråd med best mulig kunnskap om deira verdiar og tålegrenser.

For at eit område skal bli godkjent som Ramsar-område må det vere av internasjonal interesse at det biologiske mangfaldet i området blir bevart. Det er fleire kriterier som avgjer om området er internasjonalt viktig. Nokre av desse kriteria er til dømes at området er leveområde for minst ein raudlista art, eller at talet på våtmarksfugl som jamt nyttar området er 20 000 eller meir.

Meir enn 2100 område er no ført opp på Ramsar-konvensjonen si liste over internasjonalt viktige våtmarker, og desse områda dekkjer nærare 20 000 km², eit areal nesten fem gonger større enn Vestfold. 63 av Ramsar-områda ligg i Noreg. I Møre og Romsdal har vi

fem Ramsar-område. Desse er Mellandsvågen naturreservat i Aure kommune, Sandblåstvågen/Gaustadvågen naturreservat i Eide kommune, Harøya våtmarkssystem i

Sande kommune, Giske våtmarkssystem i Giske kommune og Runde våtmarkssystem i Herøy kommune. Områda finn du meir om i [Naturbase](#).

Bruk og vern

Tanken om berekraftig bruk av våtmarkene er sentral i Ramsar-konvensjonen sin filosofi. Berekraftig bruk av våtmarker vil seie at vi spelar på lag med økosystema sine funksjonar når vi bruker områda. Om vi bruker områda på ein fornuftig og berekraftig måte vil vi kunne

Lenkjer:

www.ramsar.org

www.miljostatus.no

www.miljodirektoratet.no

www.naturbase.no

bevare våtmarkene og deira ressursar til nytte og glede også for menneskja. Naturen gjer oss mange tenester, som å produsere mat, fiber og brensle. Den gir også fleire fellesgode som vassregulering og vassrensing, vern mot flaum og uvêr, pollinering og muligheita til å utøve friluftsliv. Alt dette blir kalla [økosystemtenester](#), som har stor verdi for oss. I nokre høve kan verdien av desse også målast i pengeverdi. Verdas våtmarker er ein ressurs det er viktig at vi tek godt vare på for plantar, dyr og fuglar, men også for vår eigen del.